



DEN NORSKE KYRKJA

Osterfjorden Sokneråd

Ørnnova 21

5993 Ostereidet

05.11.2014

Kulturdepartementet v/ kirkeavdelingen

e-post: postmottak@kud.dep.no

HØRINGSSVAR - «Staten og Den norske kyrkje – et tydelig skille»

Saka var oppe i Osterfjorden sokneråd 16.oktober 2014

Sak 107/14 HØYRINGSNOTAT. ”Staten og Den norske kirke – et tydelig skille”

Sakstilfang:

- Høyringsnotat 2.sept 2014: Staten og Den norske kirke – eit tydelig skille.

Samrøystes vedtak:

1. Osterfjorden sokneråd meiner at omgrepet Den norske kyrkja ikkje kan nyttast på det eine eller det andre nivået i kyrkja, men berre som samleomgrep for begge. Det nye, sentrale nivået i kyrkja bør nemnast ”kyrkjemøtet”. Sokna og fellestråda nemnast som i dag.
2. Osterfjorden sokneråd meiner at kvart sokn skal vera betjent av prest i eit omfang som sikrar at soknet sine medlemmar får tilgang til regelmessig gudstenestefeiring, tilgang til kyrkjelege handlingar og naudsynt samordning med soknet si verksemd. Soknet sine organ har rett til medverknad ved tilsetjing av prest i eige sokn. Dette set krav til storleiken på dei rammene staten gjev for at kyrkja skal kunne utføre sitt oppdrag.
3. Osterfjorden sokneråd meiner at framlegget om ei ”delegasjonssperre” frå Kyrkjemøtet til soknet sine organ kan vere eit unødvendig hinder for å prøve ut tenlege organisasjonsformer som er tilpassa også rurale strøk.
4. Osterfjorden sokneråd meiner at framlegget om samla rammeløyving frå staten til Kyrkjemøtet ikkje er tilstrekkeleg for å sikre føreseielege løyvingar til trusopplæringa. Trusopplæringsreforma er komen i stand som ein konsekvens av arbeidet med skilje mellom stat og kyrkje, og då har staten eit spesielt ansvar for å sjå til at ikkje denne blir svekka av statlege disponeringar.

Rett utskrift Sonja B. Molvik sekretær Ostereidet kyrkjekontor

Postadresse:
Ostereidet kyrkjekontor
Ørnnova 21
5993 Ostereidet

E-post:
ostereidet@lindas.kyrkja.no

Telefon 56 357230